


Dykkar ref.:

Vår ref.:
5187231

Dato:
2018-11-05

Skuleveg frå Myrbekkane i Mauseidvåg til Rørstadmarka på Fiskarstranda i Sula kommune - varsel om oppstart av detaljregulering



I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 varslar Sula kommune med dette oppstart av detaljregulering av området Myrbekkane-Raudåna-Rørstadmarka.

Planen skal leggje til rette for:

- Ny lokalveg med fortau mellom Myrbekkane og Raudåna.
- Ny gang- og sykkelveg i Raudåna
- Ny lokalveg med fortau på Kringleveien til Rørstadmarka på Fiskarstranda.

Forslagsstillar er Sula kommune. Plankonsulent er Norconsult AS. Planen blir utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova § 12-3.

Med bakgrunn i Forskrift om konsekvensutredninger (FOR-2017-06-21-854), som tredd i kraft frå 01.07.2017, er det vurdert at tiltaket ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing eller planprogram.

Planområdet

Planområdet går frå Myrbekkane i Mauseidvåg via Raudåna og vidare langs Kringlevegen til Rørstadmarka.

Figur 1 Planavgrensing

Føremål

Føremålet med planen er å legge til rette for trygg skuleveg frå Mauseidvåg til den planlagde skulen på Rørstad. Det vert lagt opp til at skulevegen skal vere universelt utforma og skulevegen skal lyssettast. Det er eit mål at skulevegen frå Mauseidvåg om Raudåna til den nye skulen på Rørstad skal vere ein naturleg veg å gå for borna til og frå skulen. Det vert og lagt opp til ny tilkomstveg frå Myrbekkane i Mauseidvåg til bustadområdet sør for Raudåna.

Gjeldande plan for området er reguleringsplan for Mauseidvåg, vedtatt 1988, og reguleringsplan for Rørstad vestre, vedtatt 1975. Det er i reguleringsplan for Mauseidvåg regulert inn veg, denne er tenkt endra ved å legge til fortau for å trygge skulevegen. I reguleringsplanen for Rørstad vestre skal det leggst til fortau på vestsida av Kringlevegen så godt det let seg gjere innafor gjeldande føremål for veg.

Planprosess

Dette er i første omgang eit varsel om at planarbeidet for det nemnte prosjektet er starta opp. Har du lokale opplysningar eller synspunkt som er viktige å ta høgde for i høve det tidlege planarbeidet kan desse sendast skriftleg til Sula kommune, postboks 280, 6039 Langevåg eller post@sula.kommune.no innan **05.12.2018**.

Når vi har laga eit utkast til reguleringsplan vil denne bli lagt ut til offentleg ettersyn i minimum 6 veker. Dette vil bli annonsert i Sulaposten og grunneigarar og aktuelle myndigheiter vil bli varsla pr brev. I høve offentleg ettersyn ligg planen ute fysisk på rådhuset samt på kommunen si heimeside, og det vil då vere moglegheiter for å sjå på detaljane i planen og komme med meir konkrete innspel.

Kontaktperson i Sula kommune er Per Ola Ravnå: per.ola.ravna@sula.kommune.no, tlf: 70199172.

Med venleg helsing
Norconsult AS

Robin Sætre

Vedlegg: Grunneierliste